
ÅRSRAPPORT
2019

Å finne opp hjulet på nytt

I Det Norske Akademis Ordbok står uttrykket «å finne opp hjulet på nytt» forklart på fylgjande måte: «Å finne på noe nytt eller utvikle noe fra bunnen av når det er mulig å benytte seg av noe som finnes fra før og fungerer godt.» Og i Språkrådet si forklaring av same uttrykk står det: «Å bruke tid og krefter på å pønske ut noko som allereie er velkjent.» Stikkordet eg vil fram til, er kvotemeldinga. Var det naudsynt å freista finne opp hjulet på nytt?

I skrivande stund er ikkje kvotemeldinga handsama i Stortinget. Når dette skjer, 7. mai, som førebels er ny dato for handsaming i Stortinget, vonar eg at konstruktive innspel frå fiskerinæringa blir teke omsyn til, og at det ikkje går politisk prestisje i det heile.

Dagens fiskeriforvaltning fungerer – forvaltningssystemet er velkjent, og det fungerer godt! Dei som er i fiskerinæringa, kjenner kvotesystemet, dei rettar seg etter det og legg framtdisplanar deretter. Det er eit system som er bygd stein på stein og tufta på kunnskap om og kjennskap til næringa.

Men nye utval – og nye tankar

stadig på døra til fiskaren bankar.

I fjor kom melding nr. 32.

Den skulle forenkla, forklara med lettfatta ord.

Stolt la ein avgått minister frem

ei kvotemelding som blei dømt både nedenom og hjem.

Auka verdiskaping, framtdisretta,

men langt frå til gagn for næringa, detta.

Auka verdiskaping – sei meg, for kven??

For finansdepartementets blåblå kvinner og menn.

Vårt håp: at dei folkevalde på Stortinget òg vil

at kysten skal leve, og at dei skrotar ALT som må til.

I det knappe året som har gått sidan kvotemeldinga blei lagt fram i juni 2019, har Pelagisk Forening jobba aktivt, vi har lytta til medlemmane og brukt mykje tid på å fremja vårt syn overfor stortingspolitikarar, politiske parti og medlemmar av næringskomiteen på Stortinget. Og Pelagisk Forening blir lytta til. Det skulle berre mangle!

I kvotemeldinga står det: «For å lykkes må kvotesystemet oppfattes som legitimt – for de berørte, både næringsutøvere, kystsamfunn og samfunnet for øvrig.»

Legitimitet betyr at det er akseptert, rettmessig og rettferdig. Det kan vel knapt seiast å vera tilfelle for de berørte i dette høve. Teksten, slik den er formulert, legg òg opp til at det er eit skilje mellom «kystsamfunn» og «samfunnet for øvrig». Ikkje noko sjakktrekk å vifte med den raude kluten på denne måten. Det er kystsamfunn som blir de berørte, og ikkje samfunnet for øvrig.

Men no har de berørte mobilisert.

Kvotemeldinga har skapt engasjement på tvers av lag og organisasjonar, og det er ei samla fiskerinæring som no ropar i kor – eit blandakor som unisont går imot forslag som blir presenterte i kvotemeldinga. Vårt refreng er at vi ynskjer føreseielegheit og stabile rammevilkår. Pelagisk Forening arbeider, og vil halda fram med å arbeida, for nettopp dette for medlemmane våre.



Føreseielegheit og stabile rammevilkår er viktig – ikkje berre for fiskarane, men òg for landindustrien. For andre år på rad blir det null-fiske på loddra i Barentshavet. Sjølv sagt får dette konsekvensar for driftsresultatet til det einskilde reiarlag, men det får òg ringverknader for landindustrien. Arbeidsplassar forsvinn, og innovasjon uteblir.

Pelagisk Forening har teke til orde for eit minimumsfiske av lodde i Barentshavet, kvart år, slik at arbeidsplassar og marknadsposisjon vert oppretthaldd. Det kostar å byggja og å utvikla marknader. Dersom råstoffet uteblir år etter år, risikerer vi å mista marknadsposisjon, og det kan koste dyrt. Då er årleg vedlikehald å føretrekkja – her, som så ofte elles.

Pelagisk Forening har fokus på medlemmane sine interesser, både økonomiske, faglege og sosiale interesser. Rettstryggleiken til fiskaren står sentralt, og medlemmane våre skal kjenna seg trygge på at det er hjelp og støtte å få dersom dette er ynskjeleg. Eg vil retta ein stor takk til sekretariatet for godt og grundig arbeid i så høve.

Takk òg til medlemmar og til styremedlemmar for innspel og engasjement, for tillit og godt samarbeid i året som har gått. Pelagisk Forening er synleg, og vi skal halda fram med å vera eit talerøyr for ein levande kyst.

Eg ynskjer lykke til med årsmøtet
og seier som ordtaket:
Skitt fiske!



Marit Hamre

MARIT HAMRE
STYRELEIAR

Styret si melding

Pelagisk Forening har hatt eit aktivt år i 2019. Styret har hatt sju heildagsmøte og fleire telefonmøte. Det er òg arrangert to medlemsmøte om kvotemeldinga.

Fiskerinæringa får stor merksemd frå resten av samfunnet. I 2019 var eksportverdien av norsk sjømat rekordhøge 107 milliardar kr. Det er ei glede for Pelagisk Forening å bidra til dette og til å skapa aktivitet og ringverknadar langs heile kysten.

Pelagisk Forening har deltatt på relevante arenaar, bygd relasjonar og samarbeidd med myndigheitene og andre i næringa. Styremedlemmar, representantskapet sin ordførar og sekretariatet har hatt mange møte med politikarar. Dette både på Stortinget, Pelagisk Forening sine lokale, på Arendalsveka og på partikontor.

Pelagisk Forening har òg hatt politikarar på omvising, og møte, om bord i «Havdrøn», «Krossfjord» og «Roaldsen». Det er gledeleg at politikarane syner stor interesse for fiskerinæringa.

Frifinnande dommar i straffesaker

I 2019 har Pelagisk Forening sin advokat prosedert to straffesaker for medlemmar. Dette var saker om påståtte brot på fiskerilovgjeving. Begge sakene hadde prinsipielle element. Styret er glade for at begge medlemsreiarlaga, og skipperane deira, blei frifunne! Staten blei òg dømt til å betala prosesskostnadane til reiarlaga. Styret er òg glade for at foreininga kan tilby medlemmar slik hjelp, og at dette er eit tilbod som blir verdsett av medlemmane.

Rettsaker er alltid ei belastning for dei det gjeld. Ofte vil det difor vera freistande å bita i det sure eplet og akseptera bot og inndraging. Styret er difor nøgde med at medlemmar tek opp kampen, og støttar dette fordi det kan ha positiv verknad for alle medlemmane og for andre fiskarar.

I året som har gått, har Pelagisk Forening òg arbeidd jamt og trutt for å betra den generelle rettstryggleiken for fiskarane.

Pelagisk Forening i internasjonale tingingar

I 2019 har Pelagisk Forening, for første gong, deltatt i dei internasjonale tingingane for pelagiske artar.

Pelagisk Forening var representert ved Ola Christian Olsen. Styret opplever at dette har vore svært nyttig, og mange medlemmar har hatt stor interesse for tingingane. Styret ønsker difor fortsett å delta i desse internasjonale tingingane.

Arendalsveka

Pelagisk Forening deltok på Arendalsveka òg i 2019. Som tidlegare år var deltakinga ein stor suksess! Arendalsveka er ei veke med hundrevis av politiske debattar og seminar, og dei fleste rikspolitikarane deltek. Styret kan slå fast at Pelagisk Forening har etablert seg godt på Arendalsveka, og at dette er ein god stad å få fremja våre synspunkt. Styret har difor vedtatt å delta òg i 2020.

I Arendal hadde me mange møte med ulike rikspolitikarar. På desse møta fekk me lagt fram våre synspunkt på ulike saker. Kvotemeldinga fekk sjølvstort stor merksemd. Politikarane er utan unntak interesserte lyttarar, og dei stiller gode spørsmål. Det blir såleis knytt gode kontaktar med politikarane. Pelagisk Forening arrangerte òg «open båt», der alle interesserte fekk omvising om bord. Det blei òg halde debatt, og sildefest, om bord.

Styret vil takka alle bidragsytarar, reiarlaget Brennholm AS, v/ Norunn og Lars Einar Sandtorv, og ikkje minst manskapet på Brennholm.

I år skal Pelagisk Forening delta med ringnotbåten «Endre Dyrøy», og styret er takksame for at familien Lokøy stiller med båt under Arendalsveka.

Medlemsmøte

I juni, og desember, inviterte Pelagisk Forening til eit medlemsmøte om kvotemeldinga.

Innleiingane var gjennomgang av kvotemeldinga frå ein pelagisk ståstad, om kvotemeldinga fører til prispress på kvotar og rettar, og forslag om endringar i deltakarlover som følgje av kvotemeldinga. Det var mange frammøtte, og styret set pris på positive tilbakemeldingar!

Etter medlemsmøtet i desember var det jolemiddag, og det er gledeleg at mange ønskte å vera med.

FUR

I år, som tidlegare år, har Pelagisk Forening deltatt i Faglig utvalg for ressursforskning (FUR). Pelagisk Forening er mellom anna opptatt av lodda, sild, sjøpattedyr m.m. Pelagisk Forening har m.a. jobba for at næringa skal ha påverknad på utføringa av HI sine tokt. Styret takkar Rose Mari Berge for arbeidet ho gjer i FUR.

Pelagisk Forening, ved Rose Mari Berge, har òg i ICES sitt møte om metoderevisjon for makrell.

Torsk i Nordsjøen og Skagerrak

Pga. kraftig nedgang av torsk i Nordsjøen og Skagerrak foreslo fiskeridirektøren ei rekke drastiske tiltak. Det som råka foreininga sine medlemmar hardast, var forslaget om fjerning av dispensasjonsregelen som gjer at industritrålarane slepp å ha rist i trålen, når dei er egna til å ta vare på kvitfisken. Det er knapt torsk i desse fangstane, men desse industritrålarane har lykkast i å kombinera dei to marginale fiskeria, øyepål- og seifiske, til lønsamt fiskeri. Dersom forslaget hadde blitt vedteke, var det fare for at fiskeriet stogga opp. Takka vere godt samarbeid med dei andre fiskeriorganisasjonane lykkast det å få Fiskeridirektoratet til å leggja bort forslaget.

Deltaking på Nor-Fishing

Styret har bestemt at Pelagisk Forening skal delta på stand saman med Sildelaget, Fiskarlaget og Råfisklaget. Det blir første gongen Pelagisk Forening stiller på stand på Nor-Fishing, og krev at tillitsvalde deltek.

Kvotemeldinga og ressursrenta

Kvotemeldinga har fått mykje merksemd, og har kravd store ressursar i året som gjekk.

Administrasjonen, styremedlemmar og andre tillitsvalde har hatt stor møteverksemd med politikarar. Dette for å få fram konsekvensane av kvotemeldinga for våre medlemmar og for kystsamfunna. Spesielt har me lagt vekt på å fortelja om pelagisk fiskeri.

Styret har vore positive til eit par forslag, som t.d. å fjerna kondemneringskravet ved strukturering og ha lik avkortingsprosent for alle gruppene.

Styret har likevel vore negative til dei fleste forslaga i kvotemeldinga. Dette gjeld spesielt forslaget om ein statleg kvotebank, m.a. fordi forslaget i røynda medfører ressursrenteskatt.

Pelagisk Forening har òg ved eitkvart høve fremja si meining om at når strukturavtalar går ut, så skal strukturkvotane falla tilbake til dei attverande fartøya i gruppa.

Foreininga meiner òg at grunnprinsippa i deltakar-, fiskesalslags- og havressurslova må ligga fast. Strukturavtalar er ein bindande avtale mellom reiarlag og staten, og styret har ofte gjeve uttrykk for at avtalar skal haldast, og at det òg må gjelda strukturavtalar.

Kvotemeldinga opnar òg for inn- og utleige av kvotar, men meldinga seier ikkje noko om det skal kunna leigast inn kvotar over kvotetaka. Styret meiner m.a. at det ikkje må kunna leigast inn kvotar over kvotetaka.

Eventuell vedtaking av kvotemeldinga gjer det naudsynt å endra deltakar- og havressurslova. Endringsforslaga blei sendt på høyring før jul. Pelagisk Forening påpeikte at endringsforslaga vil gje NFD unaudsynt mykje makt, og at lovendingar ikkje burde vore sendt på høyring før kvotemeldinga faktisk var vedtatt.

Miljøvern

Styret registrerer at miljøvern, og eit reinare hav, har kome høgare på dagsordenen i året som har gått. Dette er svært positivt! Fiskarane har interesse av og ansvar for å unngå forureining av havet.

I denne samanhengen er det viktig å vera klar over at det er godt miljøvern å fiska fisken der fisken er mest tilgjengeleg. Dette uavhengig av t.d. fjordlinjer. Difor er det òg viktig med gode avtalar om soneåtgang med EU, av di dette gjev minst forbruk av drivstoff og minst utslepp.

Pelagisk Forening er òg opptatt av at miljøverntiltak må gje lågare utslepp og mindre miljøpåverknad, globalt sett. Det er viktig å unngå «symbolpolitikk», men sjå konsekvensane av aktivitetar totalt sett.

I samband med statsbudsjettet blei CO2-avgiftssystemet lagt om. Pelagisk Forening har spela inn at me fryktar at omlegginga kan føra til at marginale fiskeri forsvinn. Omlegginga kan òg føra til at nye fiskeri, som t.d. fiske etter mesopelagiske artar, blir skadelidande.

Pelagisk fiskeri er den forma for matproduksjon som har minst miljøpåverknad per kilo mat. Når fiskeriet er berekraftig, må det ikkje få unaudsynte hindringar. Det er dårleg miljøvern dersom avgiftsomlegginga fører til at fiskeri stoppar opp. Då vil tilsvarande mengde mat kunna bli produsert på annan måte, men med større utslepp.

Lodde og forskning

Styret har lenge stilt spørsmål ved nullkvotar av lodde i Barentshavet. Næringa har lenge bede om at det går eit forskingstokt når gyteinnsiget kjem, slik dei gjer på Island. Me er difor glade for at HI køyrde eit slikt tokt i 2019, og at dei utvidar toktet i 2020. Dette syner at fiskarane sine synspunkt har innverknad på forskinga.


Det blei ikkje opna for loddefiske i Barentshavet i 2019, og diverre heller ikkje i 2020. Pelagisk Forening har fremja synspunkt om at det bør vera eit minimumsfiske på minst 75 000 t, og at kvotane bør aukast dersom forskning syner at det er rom for større uttak. Dvs. om lag same modellen som for tobis.

Lodde og torsk er av dei få artane som blir sett i samanheng i forskinga. Fleirbestandsforskning er sjølvsagt positivt, men dersom det fører til underuttak av lodde, kan det føre til at verdiskapinga blir mindre enn den kunna ha vore. Dette både for fiskarar og landindustrien. Det er òg vanskeleg å verdlikehalda marknadsposisjonar når leveransane er uvisse.

Sekretariatet

Sekretariatet består av dagleg leiar Mariann Frantsen og advokat Ask Økland. Styret er tilfreds med servicen sekretariatet yter til styret og medlemsreiarlaga i dei mange ulike spørsmåla i samband med drifta av fiskefartøy. Styret er òg nøgde med måten sekretariatet følgjer opp vedtatt strategi på.

Det skal vera kort veg frå medlemmar til styret, og styret har inntrykk av at medlemmane er nøgde med dette. Det kan vanskeleg bli for mange innspel, og styret oppmodar difor alle medlemmane til å koma med innspel.



MARIT HAMRE
STYRELEIAR




KRISTIAN SANDTORV
NESTLEIAR



TORBJØRN VEA
STYREMEDLEM



OLA CHRISTIAN OLSEN
STYREMEDLEM



ANDREAS LEINE
STYREMEDLEM



TOR KETIL BERGTUN
STYREMEDLEM



21. juni i fjor kom regjeringens kvotemelding og forslag om ny fiskeripolitikk. Siden da har Pelagisk Forening jobbet iherdig for å presentere foreningens ståsted og synliggjøre konsekvenser av forslagene, i en rekke møter med og innlegg til stortingspolitikere, politiske partier og medlemmer i Næringskomiteen på Stortinget. 7. mai er foreløpig dato for behandling i Stortinget, og vi håper vi får lønn for strevet, og at de mest omdiskuterte forslagene blir skrotet.

Ti tusen støvler i takt mot kvotemeldingen

Under er en revidert utgave av hva foreningen har formidlet:

«Pelagisk Forening er svært opptatt av at vi skal ha og bevare en livskraftig kyst, altså aktivitet og sysselsetting langs hele kysten.

Da er det klart at vi er veldig opptatt av å ha en framtidrettet fiskerinæring, som kvotemeldingen handler om og har som undertittel. Meldingen er ikke bare viktig for fiskerne, men den er også viktig for næringslivet langs kysten.

Torskebriller og pelagiske briller

Når vi skal snakke om kvotemeldingen, er det viktig å også ha på seg de pelagiske brillene og ikke bare torskebrillene, som vi opplever at meldingen er skrevet med.

Pelagisk næring er organisert annerledes enn hvitfisknæringen, og det er mye pelagikere ikke kjenner seg igjen i.

Pelagisk fisk, som er et samlebegrep for sild, makrell, kolmule og lodde, gyter og vandrer oppe i vannmassene, i motsetning til det vi kaller for bunnfisk, slik som torsk, sei og hyse. Den norske pelagiske flåten høster av ressursene over store deler av Nord-Atlanteren: vest av De britiske øyer, ved Island og Grønland, i Nordsjøen, Norskehavet og i Barentshavet.

Det spesielle er likevel at selv om det blir fangstet over store og vide områder, så blir råstoffet i all hovedsak landet i Norge. I 2019 ble det omsatt pelagisk fisk for ca. 8,1 milliarder kroner gjennom Norges Sildealgslag.

Klimavinner

Redskapene som blir brukt i pelagisk fiske, er ringnot og flytetrål. Disse er under rette forutsetninger veldig effektive redskap, noe som igjen gir pelagisk fisk et svært lavt miljøavtrykk. Vi liker å skryte av at en sildefilet har et klimafotavtrykk på 0,9 kilo CO₂-ekvivalenter, og for sammenligningens skyld så har storfekjøtt 22,7 CO₂-ekvivalenter per kilo produsert vare.

Pelagisk Forening har predikert mye om ringvirkninger fra fiskeflåten. Men vi må få lov til å gjenta oss selv: Så lenge flåten er eid og drevet fra lokalsamfunn langs hele norskekysten, skaper flåten mange arbeidsplasser og gir store verdier tilbake til samfunnet. Det blir kjøpt varer og tjenester i alle lokalsamfunn som båtene er eid fra, eller i havnene der de lander fangst eller av andre årsaker søker havn. Det handler om hele kjeden, fra skipsverftene som bygger og reparerer båtene, matbutikken som leverer proviant, til idretts- og kulturlivet som er prisgitt milde gaver fra et lokalpatriotisk næringsliv.

For å si det på en annen måte: En arbeidsplass på sjøen genererer to arbeidsplasser på land, og hver krone fiskerne skaper på havet, gir grunnlag for produkter og tjenester som er verdt fem kroner på land – og nesten alt går tilbake til kystsamfunnene.

Det er summen av denne direkte verdiskapingen fra fiskeriene, samt ringvirkningene av disse, som gjør at fiskerinæringen leverer på formålsparagrafene i både havressursloven og deltakerloven, som blant annet er å sikre sysselsetting og bosetting i kystsamfunnene.

Dette er fiskeri for framtiden. En lønnsom flåte som skaper aktivitet og sysselsetting langs hele kysten.

Forenkling og inntekter

Mange av forslagene i kvotemeldingen bidrar til det motsatte. Målene i meldingen er forenkling og inntekter til staten.

Men meldingen forenkler ikke. Meldingen gir ikke et enklere system, bare et nytt system.

Det ser ut som at årsaken til at kvotemeldingen endrer, eller forenkler, hele systemet, er for å legge til rette for inntekter til staten. Men summa summarum så er vi ikke overbevist om at denne omfordelingen ender i pluss for AS Norge. Fordi i omfordelingen så legges det til rette for å flytte verdiskaping og arbeidsplasser fra kysten og erstatte dem med byråkrati-arbeidsplasser i Oslo. Med tanke på at de fleste er enige om at ressursene Norge skal leve av i framtiden, finnes langs kysten og i havet, samt at ingenting av dette er i Oslo, så gjør det at vi trekker konklusjonen at forslagene i kvotemeldingen ikke er tilstrekkelig konsekvensutredet.

Mangfold

Meldingen utfordrer mangfoldet i næringen. For eksempel så foreslås det å slå sammen ringnot og pelagisk trål. Dette forslaget er beskrevet med to setninger i meldingen. Det er ikke tatt høyde for at det er ulike fordelingsnøkler mellom gruppene i kvotefordelingen. Pelagisk trål har strukturert langt mer enn ringnot. Spørsmålet om hvem trålernes strukturgevinst skal falle tilbake til ved en sammenslåing, dukker fort opp. Ringnot og pelagisk trål står også ulikt finansielt, noe som gir ulike konkurranseforhold. Vi frykter at ved en sammenslåing vil ringnot sluke pelagisk trål, og det gjør noe med mangfoldet i næringen.

Fiskerinæringen er en framtidsnæring og en del av det grønne skiftet, og da må regjeringen legge til rette for at næringen skal ha mange nok aktører og et visst antall båter og spredning på flåten slik at sesongene utnyttes best mulig. Vi må ha kapasitet til å fiske når kvaliteten er på topp, og fiske i rette mengder som gjør at fisken er på topp både om bord

og når den blir levert. Målet er at menneskemat skal forbli menneskemat.

Flere av forslagene i meldingen bidrar hver for seg til det motsatte, og som vi skal komme nærmere inn på senere, vil disse forslagene føre til massiv flytting av verdier fra kysten til staten og fra spredt eierskap til konsentrerte kvoterettigheter. Dette gjør også noe med fiskemønsteret.

Sentralisering og konsentrering av rettigheter

Kvotemeldingens forslag om å innføre kvotebank med statlig eierskap, hvor staten er både forvalter og eier, er en uheldig sammenblanding av roller. Det bryter med regjeringspartivedtak, og det bryter med forutsetningen om at strukturkvoter og avkortninger skal tilbake til flåtegruppen.

De største og mest kjøpsterke rederiene vil ha et stort konkurransefortrinn når det skal handles i kvotebeholdningen, og konsekvensene kan bli sentralisering og konsentrering av rettigheter. Pelagisk Forening har derfor gått sterkt imot innføring av kvotebeholdning.

Gulrotten for å innføre kvotebeholdningen er å forlenge varigheten på strukturkvotene med 15 år.

Til det har vi et mantra, og det er at inngåtte avtaler må holdes.

Noen har valgt å strukturere, og noen har valgt å ikke strukturere. Flere som valgte å ikke strukturere, gjorde det fordi de ikke klarte å regne kjøpet hjem. Men når varigheten forlenges med 15 år, så er det ikke et problem å regne det hjem. Forlengningen vil bidra til et større gap til de som av ulike grunner ikke har strukturkvoter. Slik vil regjeringens forslag øke forskjellene i flåten. Disse strukturvinnerne vil bli de mest kjøpsterke i kvotebanken. Det setter fortgang i sentralisering og konsentrering av kvoterettigheter på færre hender.

Pelagisk Forening mener at det må lovfestes at varigheten på inngåtte strukturavtaler holdes, og at tilbakefall etter utløp skal skje til gjenværende fartøy i gruppen. Det fjerner usikkerhet, og det bidrar til forutsigbarhet.

Meldingen foreslår også ei kvoteutvekslingsordning til erstatning for driftsordninger som for eksempel slumpfisk- og kvotebytteordning. Det er foreslått at man kan leie ut 20 % av kvotene og leie inn inntil 50 %. I meldingen står det også at kvotetakene skal ligge fast.

Slik forslaget er nå, så kan man altså leie inn 50 % over kvotetaket. Avstanden fra for eksempel det minste fartøyet i ringnot til et fullstrukturert fartøy med 50 % på toppen blir da enorm.

Driftsordninger blir benyttet for å oppnå en mer praktisk avvikling av fiskeriet innenfor kvoteåret, for eksempel når du mangler et lite kvantum på siste tur. Det er det kvoteinnleie

bør handle om, å avvikle fiskeriet hensiktsmessig og rasjonelt. Slik ordningen er foreslått, med så høy innleieprosent, kan den fungere som en svært gunstig alternativ strukturordning, i stedet for driftsordning som tiltenkt.

Innleie bør derfor skje innenfor kvotetaket, og prosentsatsen bør senkes.

Reelle forenklinger

Pelagisk Forening er positive til de reelle forenklingsforslagene i meldingen. Det er blant annet foreslått å fjerne kondemneringskravet. Dagens krav innebærer at fartøy som tas ut av fiske ved strukturering, må kondemneres. Grunnen til at kravet kom, var overskuddskapasitet i flåten. Ved flere tilfeller er det importert eldre fartøy som kondemneringsobjekter. En slik tilpasning tyder på at det er lite overskuddskapasitet igjen i den norske fiskeflåten, og at behovet for et kondemneringskrav er utgått på dato.

Pelagisk Forening er også positive til å innføre lik avkortning over hele landet, uten geografiske eller gruppespesifikke avkortninger. Eksempelvis dersom et nordnorsk ringnotrederi skal selges til sør for strukturering, dras 40 % av kvoten inn, mens hvis konsesjonen selges innad i Nord-Norge, avkortes kvoten med bare 5 %. Det har betydning for markedsverdien. Det betyr også at bankenes panteverdi blir lavere for båter i nord enn i sør, siden kvoteverdiene er lavere. Det medfører ulike lånebetingelser og dermed begrensninger med tanke på for eksempel nybygg. Intensjonen med differensiert avkortning var å motvirke salg ut av den nordlige landsdelen. I stedet har ordningen bidratt til å svekke kapitalverdien for rederi i nord og slik bidratt til å svekke konkurransekraften.

Pelagisk Forening er positive til regjeringens forslag om å erstatte dagens gruppeinndeling basert på hjemmelslengde med inndeling etter fartøyets faktiske lengde, under en klar forutsetning av at tilbakefallet av strukturkvoter blir nøye utredet i samråd med næringen.

Ti tusen støvler i takt mot kvotemeldingen

Det ser nå ut for at departementet har klart å samle hele fiskerinæringen. Selv om meningen nok ikke var at fiskere skulle samles i felles motstand. Mye av årsaken til motstanden er at meldingen ikke innfridde i sitt forenklingsforsøk.

Det er absolutt ønskelig å forenkle et komplisert kvotesystem. Vi fiskere har selv ofte vært de ivrigste til å kritisere et komplisert fiskeriregelverk, men når forvaltningen har utfordret oss til å komme med forslag til forenklinger, har vi ofte vært svar skyldig. Og hvorfor?

Norsk fiskeriforvaltning er bygd opp stein på stein gjennom årtier, og det sies at vi har verdens beste fiskeriforvaltning. Forvaltningen og regelverket har blitt til og utviklet i skjæringspunktet mellom ønskede politiske målsettinger, næringsinteresser og, kanskje det viktigste av alt, hensynet til livet i havet.

Det sier seg selv at dette er en komplisert oppgave, og tilhørende regelverk blir derfor komplisert. For alt henger sammen med alt når alle de ovenfor nevnte hensyn skal tas. Vi syns derfor, med all respekt, at det er ganske så ambisiøst å presentere et nytt system og skulle sette to streker under dette, der alle konsekvenser framstår heller vagt utredet. Det har blitt mange spørsmål, og få svar, selv om Nesvik og Angelvik prøvde seg frampå av og til.

Veien videre

Så lenge vi har ei fiskerinæring som jevnt over har god lønnsomhet, er ikke veien videre at noen få skal bli større på bekostning av andre. Vi må være flere og ha et mangfold. Da skaper vi sunn konkurranse og utvikling, og det er framtidens fiskerinæring. Fiskerinæringen skal være en næring som bidrar til aktivitet, arbeid og levende lokalsamfunn langs kysten, og ikke en fjern industri forbeholdt en liten og eksklusiv gruppe og staten.»

Klart du kan bli fisker

PÅ TIDE Å AVLIVE MYTER

La oss starte det nye ti-året med å knuse et par myter. Det er bedre enn å knuse drømmen om å bli fisker.

Første myte: Fiskebåtrederne har fått gratis enerett til å høste fellesskapets fisk

I den fiskeripolitiske diskusjonen høres stadig påstander om gratis kvoter og gullbillett til å høste av fellesskapets ressurser. Påstanden stemmer ikke. Alle kan fremdeles fiske til «matauk» og levere fisk for inntil 50.000 kr. Det er muligheten til å drive ervervsmessig fiske som er blitt gradvis lukket. For vår del av næringen er det langt over en mannsalder siden de første fiskerettene ble tildelt med utgangspunkt i tidligere aktivitet. Bare de aller, aller færreste har kunnet drive og utvikle båt og rederi helt fram til nå, med dette grunnlaget. De ytterst få som har klart det, er de som har hatt både dyktighet, mot, utholdenhet og risikovilje til utvikling, samtidig som de skulle stå han av etter at silda forsvant. Det var ikke alltid særlig lukrativt i fiskeflåten på 1970-, 80- og 90-tallet, for å si det forsiktig. Lukkingen av fiskeriene har vært nødvendig, og kan best beskrives som ansvarlig ressurs- og næringspolitikk. Ringnotgruppen ble først lukket. Inngangsbilletten fra tidlig 70-tall var ikke stor nok til å overleve dårlige år og klare omstillingen fra en subsidiert næring til at vi nå er subsidiefri med sunn økonomi. Fra 1970-tallet til i dag har antall fartøy i ringnotflåten, blitt redusert fra over 300 til 76 fartøy. En reduksjon i antall fartøy har vært nødvendig. Deler av denne struktureringen har vært finansiert med privat kapital. De som har investert i strukturkvoter har betalt for disse, og de som har kommet inn i næringen etter 1970-tallet har kjøpt fartøy med tilhørende med fiskerettigheter.

Andre myte: Kvotepriene gjør det umulig å bli fisker

Myten om gullbillett for de få leder til neste myte: At det er umulig å bli fisker fordi næringen er lukket, og det koster så mye med fartøy med kvoter.

Har du lyst til å jobbe i butikk, så er det ingen som sier at du må investere tungt i Reitangruppen for å jobbe på Rema 1000. Det er heller ingen som sier du må kjøpe deg inn på eiersiden i Equinor for å jobbe på rigg, eller i MOWI for å bli røkter. Det er rom for ulike ambisjoner og ulike jobber i de fleste næringer. Men om du er interessert i fiskeri!? Da kommer forventningen om at du i så fall må eie båt, med bruk og kvoter selv, og videre beskjed om at det er bare å glemme, at det er umulig. Argumentene om store krav til kapital står tett som i en sildestim.

Det koster å etablere i seg i på eiersiden i fiskeri, akkurat som i alle andre bransjer. Men dette er ikke ensbetydende med at det er umulig å få jobb i fiskeri – for det er det. Fiskerinæringen trenger stadige nye fiskere, maskinister, styrmenn og skippere. Å påstå at man ikke kan komme inn fiskeri stemmer rett og slett ikke.

Velkommen til fiskeryrket

I det lange løp, og i takt med teknologisk utvikling, er tallet på fiskere redusert. Lukking av fiskerier har vært nødvendig for å sikre et forsvarlig uttak, og ei næring folk kan leve av. I dag er næringen lønnsom, og vi skaper ringvirkninger og arbeidsplasser langs hele kysten. En arbeidsplass på sjø skaper to arbeidsplasser på land.

Verden trenger den norske fiskeren sin innsats for å skaffe sunn og miljøvennlig mat. Som fisker får du et spennende yrke, et yrke med fysisk arbeid, nærkontakt med naturen og et yrke der du er med på å skaffe sunn og miljøvennlig mat til hele verden. Så behold planen om å bli fisker.

Den norske fiskeren og fiskerinæringen trenger en sunn og bærekraftig fiskeripolitikk. Den må bygge på fakta og ikke på myter som kan gi en feilaktig forståelse av næringen. For fremtiden må vi passe på å beholde en fiskereid flåte. Da vil det alltid være muligheter for den som virkelig vil satse innenfor næringen, selv om nåløyen i mange tilfeller kan virke trangt.



Marit Hamre
STYRELEDER

Mob.: 456 00 628
krossfjordmarit@gmail.com



Mariann Frantsen
DAGLIG LEDER

Mob.: 470 33 100
mariann@pelagisk.net



Ask Økland
ADVOKAT

Mob.: 468 43 164
ask@pelagisk.net



Pelagisk Forening
Slottsgaten 3, 5003 Bergen

post@pelagisk.net
pelagisk.net